



## Notat

Dato: 23.05.2016  
Arkivsak: 2016/5090-1  
Saksbehandlar: oydzien

---

**Til:** Fylkestinget

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Svar på spørsmål vedkomande effekt av pilotprosjektet helsefremjande skule

Fylkesrådmannen viser til møte i Fylkesutvalet 20. april 2016, der representanten Anne Beth Njærheim stilte spørsmål om det er for tidleg å sjå effekt av tiltak knytt opp mot arbeidet med helsefremjande skule.

#### Bakgrunn

Hordaland fylkeskommune v/opplæringsavdelinga starta hausten 2015 eit pilotprosjekt på fire skular (Fitjar vgs, Knarvik vgs, Sandsli vgs og Voss gymnas) for å utvikla desse til helsefremjande skular.

Helsefremjande arbeid i skulen er forankra i fylkestingsvedtak, i folkehelselova og i opplæringslova. Det er ein del av folkehelsearbeidet i fylket, forankra i *Regional plan for folkehelse – Fleire gode levekår for alle – Handlingsprogram 2014 – 2017*. Føremål med prosjektet er:

- Auka kompetansen om samanhengen mellom helse og læring
- Gje elevane rammer til å kunna føreta val som fremjar helse og livskvalitet
- Helsefremjande arbeid skal vera ein integrert del i skulen sin kvardag, og inngå som naturleg element i skulen sine aktivitetar
- Etablera ei helsefremjande forståing for alle som er knytt til skulen, og tenkja helse og helseomsyn inn i skulen sine beslutningar

§ 9a-1 i opplæringslova understrekar korleis det helsefremjande arbeidet skal vera ein del av skulekvardagen: *Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.*

Prosjekt helsefremjande skule skal vera integrert i skulen sin kvardag og inngå som naturleg element i skulen sine aktivitetar. Dette skal gjerast gjennom å etablera ei helsefremjande forståing for alle som er knytt til skulen, og tenkje helse og helseomsyn inn i skulen sine avgjerder.

#### Effekt

Prosjekt helsefremjande skule er planlagt gjennomført i perioden 2015 – 2017. Om lag åtte månader etter oppstart ser me fylgjande:

- Prosjektet har fått ein positiv oppstart med «Kick-off» 11. september 2015. Det har vore arrangert fagsamlingar i samarbeid med Høgskulen i Bergen; ernæring (04.12.15), rus og psykisk helse (18.02.16) og fysisk aktivitet (13.04.16). Det er etablert samarbeid med Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet (HiB) og Folkehelseinstituttet. Representantar frå Østfold og Telemark

fylkeskommunar har delteke på samlingar og delt erfaringar frå deira satsingar på helsefremjande skule. I tillegg er det oppretta eit samarbeid med Sykkel2017 (Sykkel-VM).

- Dei fire pilotskulane har utarbeidd prosjektplanar med framdriftsplanar, og arbeider systematisk med helsefremjande arbeid. Skulane uttrykkjer at dei har fått til brei deltaking og god eigarskap blant tilsette og elevar. Utviklingsarbeidet er sett i system, der fysisk aktivitet, psykisk helse og ernæring er satsingsområde og får fokus gjennom ulike tiltak på skulane (t.d. friminuttsaktivitetar, sykling til skulen, seminar o.l. om psykisk helse, sunne matval i kantina). Alle skulane har satsa på sunnare mat i kantine, og det er gjeve ressursar frå seksjon klima- og naturressursforvaltning for auka satsing på økologisk mat i skulekantinene.
- Ein av skulane har ved fleire høve fått positiv omtale i lokalavisa grunna satsing på helsefremjande arbeid. Denne skulen har eit samarbeid med dr.med Bjarte Stubhaug, som har hatt samlingar om stress og stressmeistring for elevar og tilsette.
- Folkehelsearbeid er blitt integrert/synleggjort i fleire fylkeskommunale avdelingar og har ført til meir tverrfagleg samarbeid i HFK (regionalavdelinga, idrett og kulturavdelinga og opplæringsavdelinga)
- Fokus på helsefremjande arbeid har medverka til at opplæringsavdelinga i fylkeskommunen er i forkant av *Meld. St. 28 (2015-2018) Fag – Fordyping – Forståelse En fornyelse av Kunnskapsløftet*, der helse og livsmeistring er tema som vert prioritert i fagfornyinga av Kunnskapsløftet (s 7).
- Konkrete helsefremjande tiltak vert framheva og rapportert om på fleire skulebesøk no i vår (verksemdsbasert vurdering - VBV-møte). Trua på at arbeid med helsefremjing kan gje betre fullføring/gjennomføring ser ut til å vera etablert.
- Interesse for helsefremjande arbeid i skulen har auka, og det vert etterspurt jamnleg orientering i info- og drøftingsmøta på fylkesnivå (Informasjon i møte 28.10.15 og 02.12.15)
- Det er gjennomført statusmøte på alle pilotskulane, der representant frå HiB og prosjektleiar i HFK deltok. Det vert meldt om systematisk og godt arbeid for å fremja læring og hindra fråfall. Samanhengen mellom dei tre satsingsområda i pilotprosjektet; psykisk helse, fysisk aktivitet, mat og ernæring vert nemnde som positive i høve til auka gjennomføring.

Fristen for årsrapport frå dei helsefremjande skulane er sett til 1. juli 2016. Etter den tid kan ein truleg uttala seg meir konkret om effekt av prosjektet.